

Tverrgående synergjområde



Oppnemning og mandat

Som eit førearbeid til strategidebatten har rektor bedt om at ei arbeidsgruppe greier ut tverrgående synergiområde med utgangspunkt i styrevedtak i sak 11/17 om «Fagleg plattform, profil og strategi» ved HVL. Knut Steinar Engelsen vart beden om å leie dette arbeidet. I dialog med prorektor Bjørg Kristin Selvik og koordinator for strategiarbeidet Anne Marthe Hanstveit fekk Engelsen fullmakt til å utnemne følgjande arbeidsgruppe, basert på innspel frå dekanane:

Anne Sofie Handal Bjelland (FIN), Kristin Ådnøy Eriksen (FHS), Øyvind Glosvik (FLKI), Anne Grethe Halding (FHS), Carsten Gunnar Helgesen (FIN), Grete Netteland (FØS), Tom Skauge (FØS) og Elin Eriksen Ødegaard (FLKI). Georg Arnestad har vore med i prosessen som ekstern lesar og språkkunnig. Jostein Tvedte har laga figuren på forsida og vore grafisk konsulent for illustrasjonane.

Samansetjinga av arbeidsgruppa er basert på følgjande kriterium:

- Alle fakulteta skal vere representerte
- Alle campus bør vere representerte
- Kjønnbalanse
- Relevansvurdering

Mandat:

Mandat for arbeidsgruppa er spesifisert i e-post frå prorektor Bjørg Kristin Selvik (datert 27.09.17):

Prosjekt «Faglig plattform, profil og strategi» i Fusjonsprogrammet la frem i sin rapport som inkluderte tverrgående synergiområder. I styrevedtaket (11/17) ble det lagt til ytterligere 3 områder som skal utredes nærmere i strategiprosessen: Danning, Brukermedvirkning og Profesjons- og arbeidslivsrettet profil.

Sistnevnte, forankret i fusjonsavtalen, er overordnet for vår kommende strategi, og et arbeid med å utrede dette er startet i delprosjekt Realisering av universitetsambisjonen HVL.

For å fortsette dette arbeidet, og følge opp styrevedtaket 11/17 hvor 3 nye områder blir løftet frem, vil det nedsettes en arbeidsgruppe som skal utrede videre innhold og forståelse av begrepene, hvilke potensielle faglige synergier som finnes, og hvordan disse kan synliggjøres i strategi, profil og praksis ved HVL. Arbeidsgruppen skal se de tverrgående synergiområdene i sammenheng.

Arbeidsgruppa si tolking av mandatet

I rapporten «Fagleg plattform og strategi» er følgjande tverrgående synergiområde førebels utgreidde:

1. Barn, unge og oppvekst
2. Folkehelse og helsefremjing
3. Berekraftig utvikling og sikkerheit
4. IKT som mulegheitsområde
5. Ansvarleg innovasjon og regional omstilling

Styret vedtok at område 1 og 2 ikkje skulle vere med vidare i strategiprosessen.

Områda 3,4 og 5 skal gjennomgåast og reviderast av arbeidsgruppa med sikte på klargjering av omgrep og mulegheiter for tverrgående samarbeid.

Synergiområdet *Profesjons- og arbeidslivsprofil* vert av arbeidsgruppa forstått som eit overordna

bakteppe for dei tverrgåande synergiområda, men også som eit eige synergiområde som det skal knytast utvikling og aksjon til.

Områda *Danning* og *Brukarmedverknad* vert også beskrivne som eigne synergiområde, i samsvar med styrevedtaket.

Forslag til tiltak

Arbeidsgruppa foreslår generelle tiltak knytt til utvikling av dei tverrgåande synergiområda

- 1) Det vert oppretta koordineringsfunksjonar i 50% stilling for kvart av dei tverrgåande synergiområda med oppgåve å stimulere til tverrfakultær fagleg utvikling innan synergiområdet
- 2) HVL set av sentrale stimuleringsmidlar til etablering og drift av forskargrupper på tvers av fakulteta med relevans for tverrgåande synergiområde
- 3) HVL øymerker stipendiatstillingar til forskning innan dei tverrgåande synergiområda

Det vert elles foreslått spesifikke tiltak under kvart område.

Samla oversikt over synergiområda

<p><i>Profesjons- og arbeidslivsretta profil</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Profesjonskunnskap - Profesjonsetikk - Innovasjon og fornying - Dynamiske karrierevegar - Samspel praksis - forskning 	<p><i>Berekraftig utvikling og sikkerheit</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Samfunn - Økonomi - Miljø - Omstilling - Risiko 	<p><i>IKT som mulegheitsområde</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Fag - Samfunn og organisasjon - Teknologitviking - Læring og undervisning - Helse og velferd
<h3>Det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet</h3>		
<p><i>Ansvarleg innovasjon og regional omstilling</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Region verdiskaping - Berekraft - Samfunnsansvar - Teknologibruk - Helse, oppvekst, omsorg 	<p><i>Danning</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Verdier og kultur - Endring og utvikling - Kritiske perspektiv - Demokrati og relasjon - Estetikk 	<p><i>Brukarmedverknad</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Relevans og kvalitet - Fagleg synergi - Involvering/medverknad - Openheit - Demokrati

Skildring av tverrgående synergjområde

Høgskulen på Vestlandet syner igjen i landskapet og leverer i dag høgt kvalifiserte yrkesutøvarar til offentleg, privat og frivillig sektor på Vestlandet. Profesjonsutdanningane og dei andre bachelorstudia er høgskulen si mest synlege merkevare. Den gode profesjonsutdanninga er bygd på spisskompetanse frå ulike faglege disiplinar kombinert med tverrgående kunnskapsområde som er relevante for dei fleste utdanningane. Den sterke understrekinga av profesjons- og arbeidslivsprofilen i grunnlagsdokumenta ved HVL viser at HVL skal bli ein annan type institusjon enn eit tradisjonelt breiddeuniversitet. HVL skal dyrke fram ein *ny og særeigen universitetstype* som modell for den vidare utviklinga; ein universitetstype med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dette kan gi oss komparative fordelar i forhold til høgskular som i større grad satsar på å kopiere rolla og funksjonen til dei klassiske universiteta. Vi skal bli særleg gode på å gi samfunns-, arbeids- og næringslivet dyktige yrkesutøvarar med den gode kombinasjonen av praksisnær kunnskap og teoretisk kunnskap som dei tre høgskulane har bygd opp sterk kompetanse på og som no skal bli endå betre.

Den kartlegginga av utdannings- og forskingsaktivitet som er gjort gjennom fusjonsprosessen, har synleggjort nokre synergjområde på tvers av dei tradisjonelle fagstrukturane med potensial for vidare utvikling av utdannings- og forskingsmiljøet ved HVL. Desse grip faglege område der HVL er sterke i dag samstundes som dei representerer det særeigne i den regionale forankringa på Vestlandet, og vårt bidrag i utvikling av profesjonar og arbeidsliv. Dei tverrgående synergjområda, slik dei er presenterte nedanfor, tek utgangspunkt i minst eitt av dei tre profilområda som er presenterte i rapporten «Fagleg plattform, profil og strategi» og i HVL si orientering mot profesjon og arbeidsliv i utdanning og forskning. Synergjområda byggjer på breie utdanningstilbod og solide fag- og forskingsmiljø. Vi meiner at dei seks områda som blir presenterte, vil kunne gi eit godt grunnlag for det overordna faglege strategiarbeidet ved HVL, ikkje minst med sikte på å styrke og realisere den profesjons- og arbeidslivsretta profilen, som ligg i botnen for all fagleg verksemd ved HVL.

Denne rapporten har som overordna perspektiv å bidra til å definere og bygge eit fagleg grunnlag for det profesjons- og arbeidslivsorienterte universitetet på Vestlandet (PAUV). I arbeidet blir PAUV forstått både som eit bakteppe for arbeidet med å utvikle og operasjonalisere dei tverrgående synergjområda, og som eit eige synergjområdet som skal operasjonaliserast gjennom strategiprosessen.

Område 1: Bygging av det profesjons- og arbeidslivsretta universitet

Fusjonsplattforma slår fast at Høgskulen på Vestlandet skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional kunnskapsutvikling, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling. Eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet må difor utvikle og vedlikehalde gode koplingar til profesjonar, velferdsinstitusjonar, offentleg forvaltning og private verksemdar. HVL skal bidra til forskning, utdanning og formidling og vil ha særskilt fokus på ei brei, tredje eller fjerde rolle: samfunnsrolla. Denne framhevar engasjert samspel med utøvarar, entreprenøriell verksemd saman med verksemdar og tenester, frivillige organisasjonar, kunst- og kulturfelt. Dette gjev ei forpliktande haldning til samfunnet. Utdanning og forskning er ikkje verdiar i seg sjølv, men har si grunngeving i ei forpliktande haldning til omverda. Det trer fram eit universitet som inngår i forpliktande samspel med andre regionale aktørar. Det finst ikkje nokon mal for korleis ein kan utvikle det 'entreprenørielle' eller 'engasjerte' universitet, men ei medviten haldning til lokal, regional og

global kontekst vil kunne gje viktige premisser for korleis rolla kan utviklast.

Det er altså gjennom ei operasjonalisering av den tredje rolla HVL kan fungere som ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping, berekraft og danning på Vestlandet.

PAUV kan gjennom rolla vere ein endringsaktør, og studentane kan fungere som endringsagentar i samfunn-, arbeids- og næringsliv, som også omfattar utdanning, helse og kultursektor. I tråd med dette bør eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet vere opptatt av at kandidatane våre kan vurdere på kva for område endringar i eksisterande organisasjonar og profesjonar, og etablering av nye verksemdar og aktivitetar, er tenlege.

Internt ved HVL skal dette tverrgåande synergiområdet sikre fagutvikling og kritisk refleksjon av kunnskapsgrunnlag til profesjonane, forskning om profesjonar og profesjonalisering, profesjonsetikk, profesjonskonfliktar og forholdet mellom organisasjon, profesjon og leiing. Området bør systematisk undersøke balansen mellom akademisk og praksisbasert kunnskap i ulike utdanningar. I vårt kunnskapssamfunn er også menneske-maskin-relasjonen i endring i dei fleste sektorar og i fagfelt med stor vekst i digitale lysningar, automatisering og robotisering.

På fleire måtar kan tilsette i HVL bidra til realisering av det arbeidslivs- og profesjonsretta universitetet med kunnskap frå praksis, utdanning og forskning:

Legitimering og utvikling av fleire karriereveggar

Innanfor den tradisjonelle universitetstankegangen er forskning ein hovudaktivitet som legitimerer anna verksemd, og publisering i internasjonale tidsskrift står fram som den idealtypiske karrierevegen. Dette gjer likevel at det akademiske yrket står fram som snevrare enn det eigentleg er. Utvikling og legitimering av breiare karriereveggar blir difor viktig i PAUV, både på institusjonelt og individuelt nivå.

Livsverket til professor Frank Aarebrot er eit godt døme på ein som beherska det litteraturen kallar kunnskapsintegrasjon. Formidling og abstrahering av store kunnskapsmengder er ein annan karriereveg enn smalare orientert forskning. Ein annan karriereveg handlar om å delta aktivt på dei felte der kunnskapen blir brukt. Medisinfaget gjer det, i sterkare grad enn mange andre disiplinar, t.d. gjennom delte stillingar mellom academia og sjukehus. Karrierevegen undervisning og læring har tradisjonelt vore svært viktig ved profesjonshøgskular, men ikkje alltid like synleg eller legitim. Vi har altså fire, idealtypiske karriereveggar, og PAUV må institusjonalisere, legitimere og utvikle dei alle.

Forskingsetikk i eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet

Tett kopling til arbeidsliv, næringsliv og samfunnsliv inneber å rette søkelys på nokre forskingsetiske problemstillingar. På individnivå har alle som driv forskning, eit betydelig forskingsetisk ansvar, men det har også forskingsinstitusjonane. Den nye forskingsetikklova frå februar i 2017 gjer det lovpålagte ansvaret til institusjonane tydeligare. Institusjonen pliktar mellom anna å gje tilpassa forskingsetisk opplæring til sine tilsette. Oppdragsforskning kan vere særleg utfordrande, til dømes ved potensielle interessekonfliktar mellom forskar og oppdragsgjevar. Vi må rekne med at eit profesjons- og arbeidslivsuniversitet vil støyte på utfordringar i denne retninga. Dette krev at HVL har tilstrekkeleg kunnskap om forskingsetikk, og at HVL etablerer framgangsmåtar og systematisk forskingsleiing som kan handtere sentrale forskingsetiske problemstillingar som vi i aukande grad kan rekne med å møte.

Profesjons- og arbeidslivsuniversitetet må utvikle kunnskap om profesjonar

Vi må rette søkelys på kunnskapsutvikling, kompetanseheving og FoU direkte knytt til fenomenet profesjon, profesjonalisering og profesjonsutøving på tvers av utdanningane. Vi må også utvikle kunnskap på tvers om korleis privat sektor i stadig sterkare grad brukar kunnskap i verdiskapinga. HVL skal bidra til at kunnskap kan verte «den nye oljen» i Noreg. Sentrale tema i forskning om

profesjonar i dag er tillit, autorisasjon, profesjonsleiing, profesjonskonflikt, relasjon til brukarar og myndigheiter, kunnskapsgrunnlag, organisering og innpassing i ulike institusjonar.

HVL har ikkje noko samla, tungt miljø som arbeider med dette. Mange er opptekne av det, men dei arbeider spreitt over heile organisasjonen. Alle dei tre høgskulane har hatt, eller har, satsingar som kan vidareutviklast. Fleire tilsette ved ulike avdelingar har høg kompetanse og brei forskingserfaring på området, men HVL må på tvers av fag, profesjonar, institutt og fakultet kunne bygge og samle kompetanse som er relevant for å underbygge profesjons- og arbeidslivsprofilen.

Profesjonsetikk har vore eit viktig tema innan helse-, og omsorgs- og lærarutdanningane ved HVL. Det vil bli endå viktigare i framtida. Profesjonsetikk har òg fått større plass i ingeniør-, økonomi- og leiingsfaga ved HVL. Slike tema i undervisninga må vi sjå i lys av kravet om større fokus på forskningsetikk. Kjem vi tett på profesjonar og yrkesutøvarar, blir skiljet mellom forskningsetikk og profesjonsetikk meir utydeleg og meir krevjande å handtere.

HVL vil òg bidra til FoU, undervisning, formidling og innovasjon for profesjonsetikk. Ny teknologi, nye tenester og nye former for leiing og organisering utfordrar også profesjonsetikk på nytt og på nytt.

Vår kunnskapsforvaltning og kunnskapsproduksjon i møtet med andre institusjonar

Det er utdanningane og forskingsprosjekta som er dei viktigaste bidraga frå HVL til samfunnet. HVL leverer grunnutdanningar av høg kvalitet, stort sett på bachelornivå, men òg i stadig større omfang - av master- og etter- og vidareutdanningstilbod. Desse byggjer på, eller er forlengingar av bachelortilboda. Vi har, eller held på å utvikle, eit sett av doktorgradsprogram som meir eller mindre systematisk er knytt til forskingsprosjekt og forskingsprogram finansierte av oss sjølve eller andre aktørar. Det er gjennom institutt og fakultet utdanning og forskning vert forvalta, på tvers av dei fem campusane. I lys av det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet er det naturleg å forstå desse kunnskapsprodukta systematisk i lys av dei som treng kunnskapen vi forvaltar og utviklar. Samfunnets problemløysing og verdiskaping skjer i stor grad gjennom profesjonar og formelle organisasjonar, og eit perspektiv på bruk, utvikling og vedlikehald av deira kunnskap er viktig for PAUV.


Korleis inngår vår kunnskapsproduksjon i profesjonar, institusjonar og i aktivitetane til verksemdene? Ei enkel inndeling – som er mest treffande for dei store offentlege verksemdene – kan skildrast slik: Den tenesteytande eininga (skule, kommune, sjukehus) er avhengig av eit gitt tal profesjonsutøvarar for å kunne løyse sine oppgåver. Den daglege drifta i seg sjølv krev jamleg nye utøvarar, etter kvart som staben pga. alder eller andre grunnar vert skifta ut. Måltala for dei høgre utdanningsinstitusjonane representerer grove overslag over behovet i samfunnet. Når tenestenivået skal utviklast eller forbetrast, trengs det tilførsle av kunnskap, enten gjennom etter- og vidareutdanning, gjennom eigenutvikling eller rekruttering av nye folk. Til sist kan vi tenkje oss eit tredje kunnskapsmodus, der dei tenesteytande organisasjonane står overfor endringskrav som medfører kunnskapstilførsel som ikkje nødvendigvis lar seg utvikle gjennom dei meir tradisjonelle vegane. Det er ein samanheng mellom vår produksjon av kunnskap og modusen til kunnskapsbrukarane.

HVL sitt viktigaste bidrag til regional utvikling er utdanning av profesjonsutøvarar som med teoretisk bakgrunn og praksiserfaring kan bidra i offentleg og privat sektor. HVL skal

1) med sin universitetsambisjon utvikle utdanningstilboda slik at forskingsområde /doktorgradsutdanningar og dei eksisterande utdanningane heng saman. Utdanningane våre skal vere forskingsbaserte, men kandidatane skal samstundes fylla stillingar der dei skal yte konkrete tenester i institusjonane og til profesjonane slik dei fungerer i dag. Denne «justeringa» av alle utdanningane i lys

av doktorgradsutdanningar er delvis i gang, men dette er eit omfattande arbeid som ikkje kan skje utan at organisasjonen internt «går i takt».

2) delta som utviklingsaktør i samspel med andre aktørar i vestlandsregionen, der etter- og vidareutdanning inngår som ein del av deira utviklings- og forbetningsstrategiar. Eit mål er å finne strategiar for fagleg og organisatorisk å kunne kople saman relevante forskingsprosjekt, etter- og vidareutdanning og mastertilbod på måtar som også kjem grunnutdanningane til gode.



Figur 1: Synergifelt og feedback-sløyfer i det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet

3) utvikle og gjennomføre forskingsprosjekt som involverer tenesteytande organisasjonar, profesjonsutøvarar, brukarar og verksemder på ein slik måte at ny kunnskap blir teken i bruk, samstundes som den vert skapt i samspelet mellom forskarar og dei som treng ny kunnskap. Mange av forskingssentera ved HVL gjer dette i dag. Det er denne arbeidsforma som må utviklast vidare, og i tillegg integrerast i heile institusjonen.

4) sikre fokus på kunnskapen vi ikkje har utvikla og dei utdanningane som skal kome. Kunnskapsteoretisk er det viktig å vite at det finst eit felt både for grunnforskning, men også for

praktisk retta forskning og kunnskapsutvikling som ikkje i dag er etterspurt. Feltet handlar også om den forma for innovasjon og utvikling som skjer utanfor den eksisterande horisonten for høgre utdanning.

Alle arbeidsfelta krev at vi utviklar intelligente samspelsprosessar med viktige aktørar i vår region. Vi må møte profesjonsutøvarar, sjukehus, skular, kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar og privat næringsliv på mange arenaer og gjennom ulike arbeidsformer. Samspelet vil handle om praksisplassar for ein student på ein skule, men det vil også handle om samarbeid om kompetanseheving i offentleg sektor og komplekse, store og dyre forskingsprosjekt. Dette spennet i samspelet vil krevje mykje av oss, men om vi ikkje handterer det, fell poenget med HVL i det store og heile vekk.

Prioriterte tiltak:

1. Utvikle nettverk for FoU, utdanning, formidling og innovasjon knytt til område 1.
2. Arrangere nasjonal konferanse annakvart år om temaet, første gong i 2019.

Område 2: Berekraftig utvikling og sikkerheit

Berekraft vert definert som utvikling som kjem behova til dagens generasjon i møte utan å redusere mulegheitene for komande generasjonar til å få dekka sine behov.¹ Berekraft bør sjåast i eit sosialt, økonomisk og miljøvenleg perspektiv. Alle tre omsyna må takast i vare i ei berekraftig utvikling. Sikkerheit er eit omgrep som er aktuelt for alle delar av samfunnet i og for den einskilde samfunnsborgar. Truslar i dag er gjerne komplekse, meir grenseoverskridande og involverer fleire aktørar enn tidlegare. Dei kan ha sitt utspring i natur og klima, i menneske og teknologi, i konflikt og kriminalitet eller i kritisk infrastruktur som energiforsyning, vassforsyning eller kommunikasjon og transportnett. Sikkerheit er ein avgjerande faktor for at ein oppnår berekraftsmåla. «Transitions towards sustainable societies» er ei av dei viktigaste utfordringane samfunnet står overfor i dag. FNs 17 berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

For å nå måla for berekraftig utvikling og omstilling vert det kravd kunnskap på tvers av økonomi og samfunnsvitskap, teknologi og naturvitskap, helse- og utdanningsvitskap. HVL arbeider med berekraft- og sikkerheitsutfordringar på mange ulike nivå. Desse områda er derfor gode arenaer for tverrfaglege samarbeid då løysingane oftast er nettopp tverrfaglege. Utdanning for ei berekraftig framtid handlar om å stimulere til kreative og demokratiske prosessar og om danning og didaktisk utvikling. Strategiar og tiltak for å møte utfordringane på klimaområdet og omstille samfunnet i ei meir berekraftig retning er politisk, økonomisk og fagleg krevjande. Utdanning for berekraftig utvikling handlar også om å gi og skape kunnskap, ferdigheiter og haldningar som trengst for at vi skal kunne ta reflekterte val, kunne delta i kreative arbeidsprosessar, lokale samtalar og debattar om kva tiltak som er riktige og viktige for ei berekraftig utvikling for alle. Høg integritet, humanisme, samfunnsansvar, anti-korrupsjon og openheit er viktige verdiar for profesjonsutøvarar vi utdannar som avgjerdsstakarar for å sikre berekraft i samfunns-, arbeids- og næringsliv.

Forsking og utvikling innan berekraft og sikkerheit kan gje faglege synergjar på tvers og leggje grunnlag for nye utdanningar og forskingsprosjekt knytt til menneskelege, organisatoriske og operasjonelle aspekt ved handtering av risiko og sikkerheit i ulike sektorar i samfunnet. Sikkerheit

¹ FN-sambandet

femner også om beredskap, noko som er vesentleg i forskings- og fagmiljøa ved alle campusane til HVL.

HVL er særst godt rusta til å kunne jobbe med desse problemstillingane. Berekraft skal vere fellesnemnaren i all aktivitet ved HVL, både innan utdanning, forskning, formidling, innovasjon og administrasjon/forvaltning. HVL skal ta ein leiande rolle i arbeidet med berekraft og sikkerheitsutfordringar spesielt knytt til vår region, men også på globalt nivå.

Mål for området:

1. Det skal jobbast for at alle kandidatar som går ut frå HVL, har god forståing for kva berekraft vil seie, at dei kan sjå berekraft og sikkerheit relatert til eigen profesjon og at dei er rusta for å nytte dette i sitt vidare verke.
2. Det skal jobbast for at all FoU ved HVL gjev bidrag til ei meir berekraftig utvikling og eit sikrare samfunn.
3. Det skal jobbast for at drifta av og ved HVL skal vere så berekraftig som muleg. Bygningsmassen, transportval for tilsette og studentar, reisevanar med meir skal planleggjast og organiserast med berekraft som mål.

For å stimulere til auka tverrfagleg samarbeid rundt berekraft og sikkerheit skal eksisterande fagmiljø synleggjerast internt og eksternt. Det skal også skapast ein møteplass for dei som arbeider innan området, slik at nye interne tverrfaglege og eksterne forbindelsar kan oppstå.

Prioriterte tiltak:

1. Arrangere ein årleg berekraftkonferanse for Vestlandet med utgangspunkt i dei 17 berekraftsmåla til FN. Her vil alle fagmiljøa synast i eit berekraftsperspektiv, og nye tverrfaglege samarbeid kan oppstå.
2. Vidareføre HVL-medlemskap i Klimapartner Hordaland

Område 3: IKT som mulegheitsområde

Bruk av Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i ulike samanhengar vert ofte omtalt som digitalisering, eit samleomgrep for overgangen frå analoge, mekaniske og papirbaserte metodar for oppgåveløysing til elektroniske metodar. Målet med digitalisering slik regjeringa i sin «Digitaliseringsstrategi for universitets- og høyskolesektoren 2017-2021»² legg opp til, er at digitaliseringa kan bidra til at UH-sektoren når måla for utdanning og forskning på ein betre og meir effektiv måte. IKT og teknologi skal brukast til å fornye, forenkle og forbetre. IKT grip inn i alle samfunnssektorar og endrar føresetnader for fag, profesjonar og verksemder. Dette omfattar mellom anna nye digitale forretningsmodellar, automatisering av arbeidsprosessar, betre avgjersler, tilgang til nye former for undervisning og evaluering og nye metodar for datainnsamling og forskning.

Konkrete eksempel på teknologi og teknologibaserte aktivitetar er simulering, spelteknologi, virtuell røynd og læringsanalysar for å sikre betre læring. I helse- og velferdssektoren er digital teknologi

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/digitaliseringsstrategi-for-universitets-og-hoyskolesektoren---/id2571085/>

brukt til rehabilitering og aktivisering, og som støtte for at pleietrengande skal kunne bu lenger heime.

HVL rår samla sett over sterke og innovative fagmiljø der IKT spelar ei vesentleg rolle både med omsyn til utdanning og forskning. Dette gjeld ikkje berre dei tekniske fagområda, men også innanfor helse-, omsorgs- og velferdsområda, innanfor organisasjon, administrasjon og innovasjon, og innan utdanningsprofesjonane. HVL har aktive fagmiljø med utdanningar på både bachelor-, master- og ph.d.-nivå innan utvikling av IKT-system, men også sterke fagmiljø på nye media, samt på bruk av IKT innan undervisning, læring, helse- og velferdsteknologi. HVL har dessutan IKT-relatert forskning innanfor fleire av dei områda høgskulen utdannar for, inkludert ikt-støtta læring. HVL har likevel eit potensial for vekst innanfor denne type forskning.

Studentane som HVL utdannar, skal inn i eit arbeidsliv som forventar at dei bidreg til å realisere endringar og effektivitetsgevinstar gjennom innovasjon av tenester og prosessar. Dei må evne å vere kritiske brukarar og reflekterande praktiskarar, sjå veikskapar i dagens løysingar, og kunne ta initiativ til endring og forbetring gjennom bruk av teknologi og involvering av brukarar. Kunnskap om kva for vilkår som må vere til stades for at innføring og bruk av IKT-baserte tenester skal lukkast, vil difor stå sentralt for både studentar og tilsette.

Sidan digitalisering har konsekvensar for alle yrke som HVL utdannar for, må digitalisering også ha konsekvensar for innhaldet i undervisninga og korleis HVL underviser. Sentrale problemstillingar dreier seg om å forstå korleis IKT spelar ei rolle for innovasjon og forbetningsarbeid i den enkelte profesjon – både i studie- og i praksissituasjonen – men også tema som etikk, personvern og brukarmedverknad er sentrale her. Auka bruk av IKT i forskningssamanheng og auka forskning på teknologibruk i det arbeidslivet HVL utdannar for, vil kunne supplere dagens FoU-baserte undervisning og gjere den meir yrkes- og arbeidslivsrelevant.

Kort oppsummert ligg det eit stort potensial i å utvikle samarbeid på tvers av komplementære utdannings-, forskings- og administrative miljø ved å integrere IKT i:

- Alle fag og studium og slik gjere tilboda meir yrkes- og praksisrelevante
- Utvikling av HVL-organisasjonen –bruke eigen organisasjon som case
- Læring og undervisning
- Forsking knytt til det yrkeslivet HVL utdannar for
- Leiing og innovasjon

Her bør ein dra vekslar på og involvere:

- Teknologirike og teknologisterke fagmiljø
- Senter for nye medier og HVL sitt IKT-miljø
- Fagmiljø med IKT-relatert forskning
- Studentar med teknologikunnskap og -erfaring

Prioriterte tiltak:

1. Styrke IKT si rolle i utdanning og forskning for å bidra til å fornye, forenkle og forbetre praksis innan alle våre utdanningsområde, og bidra til at nye uteksaminerte kandidatlar kan bli endringsagentar i arbeidslivet
2. Involvering og bruk av studentane som ressurs innan opplæring, innovasjon og utprøving av nye idear (t.d. studententreprenørskap).

Område 4: Ansvarleg innovasjon og regional omstilling

Som synergiområde ved HVL handlar ansvarleg innovasjon om å utvikle kunnskap som kan bidra til verdiskaping og berekraftig samfunnsutvikling. I dette ligg det at innovasjonar skal løyse økonomiske oppgåver (sikre utvikling og lønsemd), velferdsoppgåver (som mellom anna er relatert til fordeling), helse og utdanning, og miljøoppgåver (det grønne skiftet). Vidare ønskjer vi også å forstå ansvarleg innovasjon sett frå eit regionalt perspektiv. Dagens nærings- og samfunnsliv er i stadig endring, og vår region står overfor viktige utfordringar med tanke på å utvikle eit mindre oljeavhengig og meir variert og berekraftig næringsliv. Samstundes som desse prosessane går føre seg, må ein også utvikle nye, innovative løysingar innanfor offentleg sektor slik at velferdssamfunnet kan vidareførast.

Forskning og undervisning ved HVL danner grunnlag for at vi kan ta ei leiande rolle på temaområdet ansvarleg innovasjon og regional omstilling. Innovasjon er eit tverrfagleg forskingsfelt som kan belyst ut frå ulike disiplinar, t.d. organisasjons- og leiingsfag, økonomifag, andre samfunnsfag, teknologiske fag, pedagogiske fag, kreative fag og helsefag. Ved HVL forskar vi mellom anna på entreprenørskap, innovasjons- og endringsleiing, teknologiske innovasjonar, innovative og etiske forretningsmodellar, bedrifter sitt samfunnsansvar, sosialt entreprenørskap, utvikling av berekraftige innovasjonssystem, mekanismar for omstilling av regionalt næringsliv, utvikling av innovative utdannings- og læringsformer, samt implementering av nye innovative løysingar innafor helse- og omsorgssektoren.

HVL har også etablert ei rekke kurs og utdanningsprogram som gjev kandidatane innsikt i innovasjon og omstilling, både på bachelor- og masternivå og innan etter- og vidareutdanning. Høgskulen har også under utvikling eit tverrfagleg ph.d.-program knytt til omgrepet «Ansvarleg innovasjon». Temaet inngår både i enkeltkurs på bachelor- og masternivå. I tillegg har vi tverrfaglege masterprogram med spesifikk fokus på leiing, organisering, innovasjon og entreprenørskap. HVL har også ei eiga, spissa satsing på studententreprenørskap. Denne satsinga legg til rette for at studentane kan vidareutvikle seg fagleg gjennom konkrete innovasjons- og utviklingsprosjekt, der dei får støtte til prosjektutvikling av innovasjonsfaglege ressursar. Studentane får her mulegheit til å utvikle egne verksemdar, men det vert også jobba med å utvikle ein entreprenørskapskultur ved HVL. I utdanningar der studentane kombinerer eksisterande jobb med utdanning, kan ein både undervise i forbetningsarbeid og leggje til rette for innovasjon og bruk av ny kunnskap for å endre eksisterande tenester som ein del av undervisninga.

Innovasjon som forskings- og utdanningsfelt er tett kopla til det å ta i bruk og implementere ny kunnskap, og dermed heng det uløseleg saman med 'den tredje rolla' til universitet og høgskular. Ei satsing på ansvarleg innovasjon og regional omstilling som profilområde legg til rette for at HVL kan spele ei tydeleg rolle i utviklinga av Vestlandet, noko som krev både analytisk djupneforståing og nærleik til praksis. Tette koplingar til regionalt nærings- og samfunnsliv er ein føresetnad for ei slik satsing. HVL skal bidra til utvikling av ansvarleg innovasjon i nye og etablerte verksemdar i offentleg og privat sektor. Studentaktivitetar, utdanning og samarbeidsrelasjonar til nærliggjande aktørar er òg viktig. Kunnskapsoppbygginga og -spreiinga kan skje på fleire måtar, eksempelvis gjennom uteksamining av studentar, kompetanseheving i verksemdar, skreddarsydde tilbod, rådgjeving og andre former for utoverretta verksemdar der ein koplar HVL til pågåande innovasjons- og endringsprosessar på Vestlandet.

Sentrale tema på dette feltet er:

- Innovasjon som drivkraft for regional utvikling på Vestlandet
- Innovasjon og omstilling i offentleg og privat sektor
- Læring og entreprenørverksemd
- Utvikling og implementering av teknologi i helse-, omsorgs- og velferdssektoren

- Organisering, leiing og profesjonalisering av innovasjon
- Sosialt entreprenørskap
- Ansvarlig innovasjon, etikk og samfunnsansvar.

Prioriterte tiltak:

1. Vidareutvikling av eksterne samarbeidsrelasjonar gjennom felles FoU-prosjekt med regionale aktørar, eksempelvis gjennom brukarmedverknad i eksternfinansierte forskingsprosjekt
2. Vidareutvikling av nasjonale og internasjonale FoU-relasjonar på området
3. Utvikling av entreprenørskapskultur blant studentar og tilsette
4. Implementere ansvarleg innovasjon som tema ved fleire bachelor- og masterprogram

Område 5: Danning

Dei globale utfordringane vi står overfor i framtida, påverkar alle område i samfunnet, inkludert alle utdanningane våre og dei sektorane HVL utdannar til. Livsvilkåra våre vert endra. Vi må takle det uføreseielege og ei usikker framtid, noko som fordrar klokskap og dømekraft i yrkesutøvinga. Dette vert slått fast i stortingsmelding, nr. 16, 2016-2017; Kultur for kvalitet i høgare utdanning. Utdanning og forskning er ikkje verdinøytral. Dette gjev eit mulegheitsrom for eit tverrgåande synergiområde som danning.

I stort kan det seiast at danning i utdanning og forskning gjev høve til å fremje perspektiv, teoriar og handlingar som gjer at studentar og tilsette betre kan forstå den verda vi lever i, og samtidig gjere oss stand til å endre den til det betre. Danning gjev høve til å reflektere over kva kunnskap er, og korleis den kunnskapen vi forvaltar og utviklar, er knytt til makt, innflytelse og verdiar. Eit danningperspektiv gjev mulegheiter for kvart einskild menneske til å forholde seg ærleg til seg sjølv i dei fellesskap ein høyrer til og til å lære og forstå meir enn det som står i læreplanar og regelverk. Det gjev høve til å drøfte danningssideal i profesjonane, kva for verdiar som skal gjelde i framtidas profesjonar, kulturar og arbeidsliv. Og ikkje minst kva for verdiar som skal vere ideala i utdanningane. Danningssproblematikkar gjev høve til å reflektere over kva skikkelegheit er, og kva skikkaheit inneber og betyr.

Danning er noko anna enn kompetanse. Alle utdanningar vil ha skildringar av læringsutbyte, eksamenar og kompetansemålingar for kva som er gode nok prestasjonar for ei sertifisering til yrkeslivet og til ein profesjon. Men danningssproblematikkar gjev eit mulegheitsrom som går utover dette, eit kritisk og konstruktivt korrektiv til gjeldande læringsparametrar ved å stille spørsmål om kva som skal vere formålet med utdanningane og forskinga, og om kva for normer vi skal utfordre og kva for konfliktområde som skal takast opp i utdanning og forskning. Problematiseringar av forholdet mellom samfunnsmandat, regelverk og prosedyrar og individets mynde og sjølvråderett i yrkesutøvinga når dilemma oppstår, står sentralt. Danning skal bidra til at personar skal kunne ta i bruk kunnskap med klokskap i samanhengar som ofte vil vere komplekse og nokre gonger kritiske.

Danning inngår som sentralt element i fleire av utdanningane ved HVL, både på bachelor- og masternivå. HVL har også ei eiga ph.d.-utdanning knytt til temaet.

Danning som tverrgåande område rettar søkelyset på eigenskaper som ikkje kan lærast eller målast, men som det kan og bør øvast på. Det kan til dømes handle om å kunne delta i ein fagleg debatt med respekt for motargument. Det kan handle om vilje til å få innverknad, men også å tole å ikkje få det,

fordi andre sine argument vann fram. Å lytte til andre kan vere ein dyd i nokre samanhengar, men i andre samanhengar kan det å stoppe lyttinga og gje beskjed, vere ein endå større dyd, for eksempel når urett og «hathandlingar» skjer eller når kriser oppstår. Det kan handle om å tre inn i ein profesjon med vilje til å endre og forbetre vilkår og forhold, men å gjere det med ei forståing for kvifor den tradisjonen ein vil endre, ein gong oppsto. Det er nødvendig for mange praktiske yrke å kunne trene på å stå og takle det uføresette, og gjere dei best mulege vurderingane. Danning handlar slik sett om å øve på vidsyn, på å forstå samanhengar og innebygde motsetningar og dilemma og kunne ta kloke avgjerder. Det kan også handle om å vere bevisst om kva for førebilete vi har i kulturen og korleis desse formar egne og andre sine handlingar.

Danningsprosessar er historiske på den måten at dei skjer på ein viss stad, til ei viss tid og i ein viss kultur, relasjon eller kontekst. Folk vert forma gjennom ein estetisk, sansemessig og filosofisk erfarings- og utforskningsprosess. Nysgjerrigheit, deltaking og handling kan seiast å vere eigenskapar som følgjer eit danningperspektiv og som vil kunne vere grunnleggjande for utdanning og livsmeistring.

Danning kan også vere eit empirisk og analytisk omgrep for å kunne forske med og på danningprosesser og danningproblematikk i utdanning, yrke, samfunn og kultur. Her kan merkemda rettast mot dei deskriptive sidene ved ein kultur eller ein praksis for å få vite meir om korleis praksis, for eksempel vanar, ritual, estetikk, reglar og normer skaper vilkår for profesjonane eller brukarane sine handlingar, læring og meiningsskaping. Utdanningsfeltet og dei sektorane vi utdannar til, kan, i eit slikt perspektiv, studerast og forståast som eit kraftfelt. I slike analysar kan merkemda rettast mot;

- Aktørane i feltet; studentane, brukarane, partnerane, utdannarar eller andre
- Arenaene; regionen, nasjonen, bedrifta, sjukehuset, skulen, idrettslaget eller barnehagen
- Artefaktene; verktøyet, språket, modellane, objekta, midlane eller ressursane
- Utfallet; lovverk, planar, kvalifikasjonsregelverk, tenester, instruksar, tiltak, leiingskultur, studiekultur eller arbeidskultur

Prioriterte tiltak:

- Leggje danning til grunn for lokalt og globalt engasjement i utdanning, forskning og samarbeid
- Leggje danning til grunn for framstående leiing og eit inspirerande lærings- og arbeidsmiljø
- Leggje danning til grunn for forming av normer og aktivitet der studentar og tilsette behandlar kvarandre og partnerar med gjensidig respekt for likeverd
- Arrangere ein konferanse annakvart år om *Danning i utdanning og yrke* der punkta ovanfor vert tematiserte

Område 6: Brukarmedverknad

For at høgskulen skal kunne oppfylle samfunnsmandatet og ambisjonen om å vere eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet er det naudsynt å ha medverknad frå omverda. Nærings- og samfunnsliv, så vel som studentar og representantar for «sluttbrukarar» som studentane blir utdanna til å jobbe med (klientar, pasientar, pårørande, elevlar, føresette m. v.), vil vere sentrale samhandlingspartnerar. Omgrepet brukarar i dette dokumentet vil derfor omfatte alle desse gruppene. Brukarmedverknad er relevant for alle profilområda til høgskulen på Vestlandet.

Brukarmedverknad skal bidra til å styrke relevans og kvalitet i verksemnda, bidra til faglege synergjar,

og hindre fagmiljøa i å arbeide med eit for snevert og einsidig perspektiv som kan vere konserverande og hindre innovasjon. Brukarmedverknad er også eit tiltak for å motverke maktposisjonar (t.d. unngå at høgskulen og fagmiljøa kan bestemme åleine kva som er viktig å sette på dagsorden), og løfte fram grupper som elles ikkje er i posisjon til å definere kunnskapsutvikling og samfunnsutfordringar.

Høgskulen skal vere prega av openheit og ei grunnleggjande haldning som gjer at innhaldet i samfunnsoppdraget (Utdanning, Innovasjon, Utviklingsarbeid og Forsking) blir utvikla, gjennomført og evaluert i samhandling med brukarrepresentantar. Prinsippet er at dei som avgjerdene får konsekvensar for, skal ha innverknad på avgjerdsprosessar og avgjerder. Til dømes skal studentar ha innverknad i høve til studiekvardag og faglege tilbod, og representantar for nærings- og samfunnsliv skal vere med å prege studietilbod og forskingsaktivitet. Det er òg naturleg å inkludere personar med eigenerfaring (som pasientar, klientar, elevar etc.) i utdanningstilbodet og i forskning og utviklingsarbeid. Sentrale brukarar vil vere studentar, arbeidslivsrepresentantar og sluttbrukarar. Relevans, innhald og læringsmetodar i studieprogram bør utviklast med sterk brukarinvolvering. Brukarmedverknad i undervisning er også eit sentralt område. Eit viktig moment her er at brukarmedverknad i utdanningane vert målretta i form og innhald, integrert i utdanningsprogramma og i tråd med skildringane av læringsutbyte.

På overordna nivå vert brukarmedverknad teke i vare ved at høgskulestyret har studentrepresentantar, tilsette-representantar, og representantar for nærings- og samfunnsliv. Denne strukturen bør ideelt sett finnast att i fakultet, institutt, forskingsgrupper og studieprogram. Det tverrgåande synergiområdet brukarmedverknad skal styrke profilområda Helse, omsorg og velferd, Danning, kultur og samfunn, og Teknologi, berekraft og samfunn. Kven sentrale «brukarar» er, vil variere på tvers av fakultet i HVL, men brukarmedverknad i utdanning, forskning, utviklingsarbeid og innovasjon vil vere aktuelt i alle fakultet.

Brukarmedverknad er framheva i nasjonale styringsdokument, som Kvalitetsmeldinga, helseforskningsprogramma, og helse- og omsorgsplanar som HelseOmsorg21. Krav til relevans av studieprogramma i notid og framtid er skjerpa. Dei skal utviklast i tett samspel mellom forskning, utdanning og arbeidsliv, med involvering av arbeidslivsrepresentantar og studentar (Meld. St. 26 2016-2017 Kultur for kvalitet i høgere utdanning). Brukarmedverknad er no eit krav i søknader til Forskringsrådet innanfor fleire sektorar, frå helse og omsorg til næringslivet.

Prioriterte tiltak:

1. Vurdere formålstenleg grad av brukarinvolvering³ og etablere struktur⁴ for brukarinvolvering i alle (nye) prosjekt og utdanningsløp.

³ Grad av involvering kan variere frå at brukarrepresentantar er konsulentar eller rådgjevarar i høve til delar av eit prosjekt eller tiltak, -eller ein kan ha større grad av medverknad eller maktdeling, med involvering i heile prosessen frå planlegging, gjennomføring og evaluering av eit tiltak.

⁴ Rammer for korleis brukarinvolvering skal gjennomførast, rollefordeling, deltaking i prosjekt/referansegrupper, økonomisk kompensasjon o.a.